


MON3-1 Motorvognforsikring for næringsbil

Forsikringsvilkår gjeld frå 01.01.2019



Innhald

1. Kven forsikringa gjeld for	side 2
2. Kvar forsikringa gjeld	side 2
3. Kva forsikringa omfattar	side 2
3.1 Ansvar	side 2
3.2 Vognskade	side 2
3.3 Kasko	side 2
3.4 Delkasko	side 2
3.5 Brann	side 3
3.6 Tjuveri	side 3
3.7 Redning	side 3
3.8 Glas	side 3
3.9 Leigebil	side 3
3.10 Førar- og passasjerulykke	side 4
3.11 Godsansvar	side 5
3.12 Avbrot	side 5
3.13 Avgrensa identifikasjon	side 6
3.14 Ansvar for hengjande gods i kran	side 6
3.15 Ansvar for bruk av kran	side 6
3.16 Panthavar/ leasing	side 6
3.17 Rettshjelp	side 7
4. Sikringskrav	side 8
5. Spesielle reglar for avtalen	side 8
6. Generelle reglar for avtalen	side 10

For forsikringsavtala gjeld

- forsikringsbeviset
- forsikringsvilkåra
- generelle vilkår
- lov om forsikringsavtaler av 16. juni 1989 (FAL) dersom den ikkje er fråviken i vilkåra
- lovverket elles

Teksten i forsikringsbeviset gjeld framfor forsikringsvilkåra.
Disse forsikringsvilkåra gjeld for Møretrygd Gjensidig Forsikring, seinare kalla selskapet.

1. Kven forsikringa gjeld for - sikra

1.1 § 7-1 i Forsikringsavtalelova gjeld ikkje. I staden gjeld følgjande:

Forsikringa gjeld for:

- forsikringstakar
- registrert eigar av motorvogna
- andre med tinglyst eigedomsrett i motorvogna

Når ansvarsforsikring er teikna, gjeld den også for ein kvar rettmessig brukar av motorvogna. Når panthavardekning er teikna, gjeld den til fordel for panthavar.

Forsikringa slutter å gjelde ved eigarskifte. Likevel gjeld forsikringa som var i kraft på tidspunktet for overtaking i 14 dagar til fordel for ny eigar, men dette gjeld ikkje når den nye eigaren har teikna eiga forsikring.

I samsvar med fullmakt opphøyrer forsikringa når det i det sentrale motorvognregister kjem fram at motorvogna er seld, vraka eller stelt, sjå forsikringsbeviset. I samsvar med fullmakt opphøyrer ansvarsforsikringa når det i det sentrale motorvognregister kjem fram at motorvogna er avregistrert, sjå forsikringsbeviset.

2. Kvar forsikringa gjeld

Forsikringa gjeld i Europa, Israel og Tyrkia.
Ansvarsforsikringa gjeld ikkje på den delen av ein flyplass som er avsett til flytrafikk og/eller er stengd for alminneleg ferdsel.

3. Kva forsikringa omfattar

Det går fram av det einskilde forsikringsbevis kva dekningar som er avtala og som gjeld for di forsikring.
For dekningane gjeld reglane i pkt. 1 – 3, med dei endringane som følgjer av vilkåra som er tatt inn i dei einskilde tilleggsdekningane.

3.1 Ansvarsforsikring

Når ansvarsforsikring er teikna dekkjer selskapet erstatningsansvar etter Bilansvarslova (BAL) - uavgrensa sum ved personskadar og inntil kr 10.000.000,- ved tingskade

Skade på gods som vert ført med motorvogna vert ikkje dekt utover reglane i bilansvarslova.

Utanfor Noreg omfattar forsikringa erstatningsansvar etter skadestaden si lovgiving for bilansvar. Innanfor det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS), vert bilansvar dekt etter norske reglar dersom dette gjev ei høgare dekning.

Det kan skje at einskilde av dei nye statane i Europa ikkje aksepterer "Grønt kort" fordi dei ikkje er med i internasjonalt forsikringssamarbeid.

Desse statane krev at det vert teikna særskilt ansvarsforsikring ved innreise i landet -"grenseforsikring". Når slik grenseforsikring er teikna, gjeld selskapet si ansvarsforsikring berre for skade som råkar førar og reisande med motorvogna. Haikarar er unnatekne.

3.2 Vognskadeforsikring (kasko-, brann-, tjuveri-, redning- og glasforsikring)

Vognskadeforsikringa omfattar:

- Den motorvogna som er nemnt i forsikringsbeviset og deler av denne.
- Ekstra dekk og felgar tilsvarende det tal hjul motorvogna er utstyrt med.
- Fastmontert tilbehør utover det som originalt fylgde motorvogna frå fabrikk med inntil kr 20.000,-.
- Personleg lausøyre med inntil kr 10.000,-.

Vognskadeforsikringa omfattar ikkje: Kontantar og verdipapir.

3.3 Kasko

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Selskapet dekkjer skade som nemnt i pkt. 3.4 – 3.8 og annan skade som skjer ved samanstyrt, utforkøyring, velting eller anna tilfeldig, plutselig, ytre påverknad.

3.4 Delkasko

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Selskapet dekkjer skade som nemnt i pkt. 3.5 - 3.8.

3.5 Brann

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Selskapet dekkjer skade ved brann, lynnedslag og eksplosjon.

3.6 Tjuveri

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Selskapet dekkjer skade som følgje av tjuveri, brukstjuveri eller forsøk på tjuveri. I tillegg vert dekt hærverk på bil når det er innlysande at det samtidig er gjort forsøk på å stele kjøretøyet. Det same gjeld dersom det er gjort innbrot i den. Det vert ikkje sett på som tjuveri om den skuldige tilhører sikra sin husstand eller er i teneste hos den som har rett til bilen, jf straffelova § 342.

3.7 Redning

Når det går fram av forsikringsbeviset at det er avtalt delkasko eller kaskoforsikring, gjeld følgjande:

3.7.1 Kva som gjev grunnlag for erstatning: Selskapet dekkjer meirutgifter til assistanse:

- Ved erstatningsmessig skade.
- Ved annan driftstopp eller ved startvanskar.
- Ved utelåsing eller broten/mista nøkkel.
- Når motorvogna har gått tom for drivstoff.
- Når motorvogna har vore utsett for tjuveri/hærverk.
- Når førar og/eller passasjer råkast av plutselig sjukdom, ulykke eller død, og av den grunn ikkje kan fortsette reisa, eller må søkje hjelp hos nærmaste lege/sjukehus.

3.7.2 Kva forsikringa dekkjer

3.7.2.1 Berging og tauting

Selskapet dekkjer utgifter til berging og tauting av motorvogn og tilhengar til nærmaste verkstad eller - dersom det er rimeligare - reparasjon på staden når reisa med motorvogna ikkje kan fortsette.

Møretrygd har avtale med Falck Redning og de kan kontaktast på tlf. 02222. For hjelp i utlandet, ring tlf. +47 33138080.

Bilhjelp heime inngår i kasko- og delkaskoforsikring.

Bilhjelp heime gjeld ikkje motorvogn med særskilt registrering som turistvogn, eksportvogn ("tollskilt") eller prøvekjennemerke.

3.7.2.2 Heimtransport: Selskapet dekkjer meirutgifter til heimtransport av førar/passasjerar, motorvogna og tilhengar til motorvogna:

- Når førar og/eller passasjer råkast av plutselig sjukdom, ulykke eller død, og av den grunn ikkje kan fortsette reisa.
- Når motorvogna er etterlatt som følgje av andre forhold, og denne ikkje vil kunne verte i trafikkikker stand innan 2 arbeidsdagar.
- Ved tjuveri av motorvogna. Meirutgifter til heimreise vert dekt med rimeligaste kommunikasjonsmiddel. Slik transport skal alltid godkjennast på førehand. Forsikringa dekkjer meirutgifter til annan nødvendig lokaltransport, dvs. transport til lokal overnattingsstad, sjukehus, lege e.l.

3.7.2.3 Hotellopphald i staden for heimreise: Etter førehandsavtale kan forsikringa dekkje meirutgifter til hotellopphald for førar og passasjerar i staden for heimtransport, når motorvogna vert reparert på staden innan rimeleg tid.

3.7.3 Utanfor Norden: Ved reiser utanfor Norden gjeld følgjande reglar:

3.7.3.1 Transport av reservedelar: Ved reiser utanfor Norden vert dekt transport av reservedelar som ikkje kan skaffast fram på staden og som er nødvendig for å sette motorvogna i trafikkikker stand.

3.7.3.2 Leigebil: Ved reiser utanfor Norden vert dekt utgifter til leigebil dersom motorvogna ikkje kan settast i trafikkikker stand innan 2 arbeidsdagar eller er stolen. Erstatning vert ytt for leigebil av tilnærma same type som den forsikra motorvogn. Fast dagleige og kilometeravgift vert dekt for eit tidsrom tilsvarande den planlagde ferie, og maksimalt i 30 dagar. Drivstoff og liknande vert ikkje dekt. Dekning for leigebil og transport av delar skal alltid avtalast på førehand. Dekninga gjeld ikkje for rute-/turbuss når denne vert nytta til ervervsmessig persontransport.

3.7.4 Kva forsikringa ikkje omfattar

Selskapet dekker ikkje utgifter:

- til reparasjon på verkstad
- til delar
- til vidareformidling av gods ved ervervsmessig transport
- for haikarar som kan verte kravd erstatta gjennom garantiordning e.l.

3.7.5 Skadeoppgjjer

Det skal leggst fram originalkvittering for utgifter som vert kravd erstatta, samt erklæring frå:

- lege ved sjukdom. Dersom spesiell persontransport har vore nødvendig skal dette gå fram av legeerklæringa
- verkstad.

3.8 Glas

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Selskapet dekkjer brotskade på motorvogna sine glasruter ved tilfeldig, plutselig, ytre påverknad. Glasforsikringa omfattar glasruter i den motorvogna som er nemnt i forsikringsbeviset. Ved skifte av glasruter vert ikkje erstatta meir enn 50 % av verdien av motorvogna umiddelbart før skaden skjedde.

3.9 Leigebil i inntil 10 dagar

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Selskapet erstattar den faste dagleiga (ikkje km-avgift og drivstoff) for leigebil, når bilen er til reparasjon eller vert kondemnert som følgje av ein erstatningsmessig kaskoskade, eller er stolen. Vert leigebil ikkje nytta, kan det etter avtale med selskapet utbetaltast kr 350,- pr. dag i normal reparasjonstid.

Utgifter til leigebil vert dekt innan normal reparasjonstid for skaden, til saman inntil 10 døgn. Erstatninga vert gitt for leigebil i tilsvarande størrelse som den skada bilen, avgrensa til kr 750,- pr. døgn. Dekninga gjeld ikkje for motorsyssel, moped eller firma med ervervsmessig utleige av motorvogner.

3.10 Førar-/ passasjerulykke

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

3.10.1 Kven forsikringa gjeld for - forsikra

- Ein kvar rettmessig brukar av motorvogna og dei passasjerar i det tillatne tal som går fram av motorvogna sitt vognkort og som

oppheld seg på eller i motorvogna. Føraren og eventuelle passasjerar er å sjå på som forsikra, og erstatninga går til desse eller deira etterlatne.

3.10.2 Kven forsikringa gjeld til fordel for

- sikra dersom ikkje anna er avtalt, tilfaller dødsfallerstatninga forsikra si ektefelle*/sambuar**, subsidiært arvingar etter lov eller testament. *) Med ektefelle er meint den person forsikra er gift med. En person reknast ikkje lenger som ektefelle når det er gjevne bevilling til, eller det er avsagt dom for, separasjon eller skilsmisse. Dette gjeld sjølv om avgjerda ikkje er rettskraftig eller endeleg. Likestilt med ektefelle reknast registrert partnar jfr. lov om partnerskap av 29. mars 1993. **) Med sambuar er meint person som forsikra har levd saman med i eit ekteskapsliknande forhold, dersom det går fram i Folkeregisteret at vedkomande har hatt same bustad som forsikra i dei siste 2 åra, eller - person som har felles bustad og felles barn med forsikra. Dette gjeld likevel ikkje dersom det på det tidspunkt forsikringstilfellet skjedde, lå føre forhold som var til hinder for at lovleg ekteskap kunne verte inngått. Et sambuarforhold vert sett på som opphøyrte ved utløpet av den dagen partane flytter frå kvarandre sjølv om det ikkje er sendt melding om ny adresse til folkeregisteret.

3.10.2.1 Begunstigelse: I samsvar med forsikringsavtaleloven kan det oppnemnast ein eller fleire personar som begunstiga. Begunstiga har rett til selskapet sine ytingar ved forsikra sin død.

3.10.3 Kvar forsikringa gjeld: Ulykkesdekninga gjeld i Europa, Israel og Tyrkia.

3.10.4 Kva forsikringa omfattar: Forsikringa omfattar ulykkeskade som råkar den forsikra. Med ulykkeskade er meint skade på kroppen forårsaka ved en plutselig, ytre fysisk hending (ulykkestilfelle) som skjer i forsikringstida. Selskapet dekkjer ulykkeskade på førar og passasjer som rettmessig oppheld seg i eller ved motorvogna, når motorvogna eller tilkøpla tilhengar/utstyr er den direkte årsak til skaden. Vert det skada fleire personar ved same ulykkestilfelle, er samla erstatning avgrensa til kr 1.000.000,-. Erstatninga vil då verte forholdsmessig fordelt mellom dei skadelidne.

3.10.5 Kva skader som vert erstatta

3.10.5.1 Dødsfall: Dersom ulykkeskaden medfører dødsfall innan eit år, vert det betalt dødsfallerstatning med kr 100.000,-. Dersom den omkomne på skadetidspunktet verken forsørgja sine foreldre eller hadde barn eller ektefelle/sambuar i live, er erstatninga avgrensa til kr 20.000,-. Det vert gjort frådrag dersom invaliditetserstatning er betalt for same skade. Døyr den forsikra seinare enn eit år etter at ulykkeskaden skjedde, vert det utbetalt invaliditetserstatning dersom ulykkeskaden ville ha medført varig medisinsk invaliditet. Erstatninga vert rekna ut frå den invaliditet som det vert klarlagt ville ha blitt den endelege dersom sikra hadde vore i live. Dødsfallerstatninga tilfaller forsikra si ektefelle/sambuar, subsidiært arvingar etter lov eller testament.

3.10.5.2 Medisinsk invaliditet: Døyr forsikra innan 1 år etter skadedagen, vert det ikkje betalt erstatning. Dersom ulykkeskaden har medført varig medisinsk invaliditet innan eit år etter skadedagen, har sikra rett til invaliditetserstatning tidligast 1 år etter skadedagen. Dersom invaliditetsgraden kan forandre seg, kan endeleg oppgjør utsettast i inntil 3 år etter skadedagen. Oppgjøret skal då basere seg på kva som måtte reknast å verte den livsvarige medisinske invaliditeten ut frå tilstanden på 3-årsdagen. For fullstendig invaliditet vert det utbetalt invaliditetserstatning med kr 200.000,-. For delvis invaliditet vert det utbetalt ein forholdsmessig del av forsikringssummen.

3.10.6 Spesielle reglar om invaliditetserstatning

3.10.6.1 Invaliditetserstatning vert rekna på grunnlag av livsvarig medisinsk invaliditet. Ved fastsettinga av erstatninga vert det ikkje teke omsyn til vedkomande sitt yrke, inntekt eller individuelle anlegg/forhold.

3.10.6.2 Graden av invaliditet skal fastsettast etter Sosialdepartementets invaliditetstabell i forskrift av 21. april 1997, del II og del III, men ikkje det øvrige regelverk. Vurderinga skal vere reint tabellarisk. Ved skadefølgje som ikkje er nemnt i tabellen, skal skadegraden settast skjønsmessig på grunnlag av samanlikning med skadefølgjer i tabellen.

3.10.6.3 I tillegg gjeld: Ved tap av synet på eit auge når synet på det andre auget manglar, skal invaliditetsgrada settast til 100 %. Ved redusert syn skal invaliditetsgrada fastsettast på grunnlag av synsevna med beste optiske hjelpemiddel. Ved tap av hørsel på eit øyre når hørselen på det andre øyret manglar, skal invaliditetsgrada settast til 65 %. Ved redusert hørsel skal invaliditetsgrada settast skjønsmessig med bruk av veltilpassa høyreapparat.

3.10.6.4 Tap av eller skade på kroppsdel eller organ som var fullstendig ubrukbart før ulykka skjedde, gjev ikkje rett til invaliditetserstatning. Dersom ein kroppsdel eller eit organ tidligare var delvis brukbart, skal det gjerast frådrag når invaliditetsgraden skal fastsettast.

3.10.6.5 Tannskade og arr som utelukkande virke vansirande, gjev ikkje rett til invaliditetserstatning.

3.10.6.6 Både selskapet og forsikra kan forlange ny fastsetting av invaliditetsgrad når det er gått eit år sidan førre fastsetting. Sjølv om tilstanden framleis kan forandre seg, skal endelig erstatning reknast ut når det er gått 3 år etter skadedagen. Erstatninga skal i så fall fastsettes etter den invaliditetsgrad som må reknast å verte den endelege.

3.10.6.7 Samla erstatning for ein og same ulykkeskade kan høgst verte 100 %. Erstatning pr. ulykkeskade kan dermed ikkje overstige forsikringssummen for medisinsk invaliditet.

3.10.7 Kva avgrensingar som gjeld

3.10.7.1 Sjukeleg tilstand/disposisjon eller mein. Når det kan reknast med at sjukeleg tilstand/disposisjon eller mein saman med ulykkeskaden har medvirka til forsikra sin invaliditet, ervervsuførheita eller død, skal dette redusere erstatninga i den grad den sjukelege tilstanden/ disposisjonen eller det tidligare mein har hatt noko å seia for invaliditeten, ervervsuførheita eller dødsfallet.

3.10.8 Selskapet dekkjer ikkje

Behandlingsutgifter.

- Skade på sinnet åleine, f.eks. sjokk - utan at det samtidig er oppstått lekamsskade. Psykiske skadar vert berre dekt når det samtidig er skjedd ein fysisk skade som medfører livsvarig og erstatningsmessig medisinsk invaliditet.

Skade som skriv seg frå annan sjukdom eller sjukleg tilstand/disposisjon.

- Følgjande sjukdommar eller sjukelege tilstandar som har ført til medisinsk invaliditet, uførheit eller dødsfall, sjølv om ulykkeskade kan påvisast som årsak: muskel- og skjelettsjukdommar, f.eks. lumbago/ischias med eller utan skiveskade/prolaps, spinalstenose, spondylolyse, -listhese, reumatisk eller annen degenerativ skjelettliding, fibromyalgi, hjerte-/karsjukdommar, nevrosar.

- Skade/sjukdom som skuldast smitte gjennom bakteriar, virus eller annan smittekilde, f.eks. insektsstikk, alle former for hepatitt og sjukdommar forårsaka av Hiv-infeksjon.

- Skade ved forgifting gjennom mat, drikke eller nytingsmidlar.

- Skade som skuldast medisinske komplikasjonar oppstått ved undersøking eller behandling av lege, sjukehus eller fysikalsk institutt. Selskapet dekkjer likevel skade som oppstår når den forsikra vert behandla på grunn av ein ulykkeskade som er erstatningsmessig i samsvar til denne ulykkesdekninga.

Skade som skuldast påverknad av lys eller temperatur. Selskapet dekkjer likevel skaden når årsaka er ein nødssituasjon forsikra ufrivillig var komen opp i. Forsettlig framkalla skade. Selskapet er likevel ansvarlig dersom forsikra pga. alder eller sinnstilstand ikkje kunne forstå rekkevidda av si handling. Med rekkevidde skal i denne samanheng reknast den umiddelbare følgja av handlinga, nemleg lekamsskaden.

Sjølvmord eller forsøk på sjølvmord. Selskapet dekkjer likevel sjølvmord dersom sikra kan sannsynlig gjere at dette skuldast ei akut sinnsvirring med ytre årsak - og ikkje ei sinnsliding. Kravstillaren har bevisbyrda for at sjølvmordet eller forsøket på sjølvmord skuldast at den forsikra pga. alder eller sinnstilstand ikkje kunne forstå rekkevidda av si handling. Med rekkevidde, sjå pkt. framfor dette. Skade ved deltaking i slagsmål eller forbrytelse.

3.11 Godsansvar

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

3.11.1 Kven forsikringa gjeld til fordel for/ sikra

Godsansvarsdekninga gjeld til fordel for:
- forsikringstakar

3.11.2 Kvar forsikringa gjeld

Godsansvarsdekninga gjeld i Norden.

3.11.3 Kva som er forsikra

Forsikringa omfattar sikra sitt rettslege erstatningsansvar i samsvar med lov om vegfraktavtaler for skade på gods som vert transportert med motorvogn.

3.11.4 Kva skade som vert erstatta

Selskapet dekkjer sikra sitt rettslege erstatningsansvar for skade på gods som skjer i tida frå overtaking og til utlevering, samt fylgjene av forsinka utlevering.

3.11.5 Kva avgrensingar som gjeld

Erstatninga er avgrensa til 17 SDR ved innanriks transport og 8,33 SDR ved internasjonal transport pr. kg skada eller tapt gods i bruttovekt.

I tillegg vil vareeigars utlegg til frakt, tollavgifter og andre kostnader ved transporten vere dekt.

3.11.6 Selskapet erstattar ikkje:

- ansvar for gods som går tapt, med mindre tapet har skjedd som følge av ei erstatningsmessig skade på motorvogna, eller at sikra kan godtgjere at tapet skuldast:
- tjuveri, jf. Straffelova § 321
 - ansvar for levande dyr og fisk
 - ansvar for skade på flyttegods
 - ansvar for skade på glas, steintøy, her medrekna bygningsglas og sanitærporselen
 - ansvar for skade på transportert motorvogn

3.12 Avbrot

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

3.12.1 Kven forsikringa gjeld til fordel for/ sikra

Avbrottsdekninga gjeld til fordel for:
- forsikringstakar

3.12.2 Kvar forsikringa gjeld

Avbrottsdekninga gjeld i Norden. Dersom det er avtala anna dekningsområde, vil det gå fram av forsikringsbeviset.

3.12.3 Kva som er forsikra

Selskapet erstattar driftstap som oppstår for forsikringstakaren etter at motorvogna er sett ut av drift, som følge av ein erstatningsmessig kaskoskade.

3.12.4 Erstatningsutrekning

Erstatning pr. dag er den sum som er nemnt i forsikringsbeviset.

Erstatning vert gitt for tapte heile arbeidsdagar frå og med karenstida tek slutt og til motorvogna igjen er i køyrbar stand eller ny motorvogn er skaffa - avgrensa til maksimalt 40 arbeidsdagar.

Karenstida er 5 arbeidsdagar og gjeld frå det tidspunkt skaden påverkar motorvogna si inntening og reparasjon er starta. Tek ein reparasjon lenger tid enn normalt, skal det gjerast frådrag for meirtida. Ved totalskade vert det ytt erstatning for den nødvendige tid, rekna frå karenstida tek slutt og til ei tilsvarande motorvogn er skaffa - avgrensa til 10 dagar.

Selskapet kan tre inn i sikra sine rettar overfor tredjemann.

3.13 Avgrensa identifikasjon

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

3.13.1 Erstatning vert ytt til forsikringstakar sjølv om den som er ansvarleg for motorvogna har gjort skaden

- Forsettleig eller grovt aktaust
- Under påverknad av rusande eller døyvande middel
- Under køyring i terreng i strid med avgrensningar i bruken i vilkåra
- Gjennom brot på forsikringskrava

Dette gjeld likevel ikkje dersom den ansvarlege for motorvogna har meir enn 10 % eigarinteresse i firmaet eller deltek i firmaets styre eller leiing.

3.13.2 Desse reglane avgrensar ikkje selskapet sin rett til å krevje regress av den som var ansvarleg for motorvogna.

3.14 Ansvar for hengjande gods i kran

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

- 3.14.1 Forsikringa omfattar sikra sitt rettslege ansvar for skade på gods som vert lyfta i kran når lyftet ikkje er ein del av ein fraktavtale som fell inn under Lov om Vegfraktavtaler. Selskapet sin erstatningsplikt for eit skadetilfelle er avgrensa til den sum som er avtalt i forsikringsbeviset.
- 3.14.2 Vert søksmål reist mot sikra og ansvaret etter saksøkjaren si grunngjeving er omfatta av forsikringa, fører selskapet saka og betaler sakskostnader.
- 3.14.3 Det er ei føresetnad for rett til erstatning at:
-skaden ikkje er ei følgje av forsettleg handling frå sikra eller den som er ansvarleg for krana.
-skaden ikkje er ei følgje av at sikra eller den som er ansvarleg for krana, var rusa eller døyvva av alkohol eller andre rusande eller døyvande middel.

3.15 Ansvar for bruk av kran

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

- 3.15.1 Forsikringa omfattar sikra sitt rettslege erstatningsansvar som sikra eller rettmessig brukar av krana kan pådra seg utover bilansvarslova sine reglar for skade på annan person eller ting med inntil kr 1 million per skadetilfelle.

Selskapet dekkjer ikkje:

- ansvar for skade overfor sikra, brukar av krana eller desse sine familia.
- ansvar for skade på ting som den sikra eller nokon på hans vegne brukar, transporterar, tauar eller sleper, har leigd/lånt, påteke seg å oppbevare, eller har fått i oppdrag å bearbeide eller installere
- ansvar for skade på bruer, vegar, vektorer eller anna underlag som følgje av at disse vert overbelasta.

Sikringskrav:

Sikra eller den som med sikra sitt samtykke er ansvarleg for krana, skal bruke og handtere den i samsvar med forskrifter, sertifikat og instruksar fastsatt av produsent, leverandør og offentleg styresmakt.

For øvrig gjeld sikringskrava i punkt 4.

3.16 Panthavar/ leasing (3. mannsinteresse)

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Kven dekninga gjeld for:

Motorvognforsikringa og vilkår for kaskodekning er utvida til også å gjelde for panthavar som har teke i mot skriftleg stadfesting frå selskapet om panthavardekning og utleigar i samsvar med leasingkontrakt.

Selskapet sine plikter etter denne dekninga:

Når vognskade er skjedd, skal ikkje selskapet betale ut kontanterstatning til forsikringstakaren utan at selskapet har innhenta samtykke frå panthavaren/ utleigaren. Dersom skaden er utbetra eller det er stilt skikkeleg sikkerheit for at erstatning vil verte brukt for å utbetre skaden, kan erstatning likevel utbetalast.

Dersom forsikringa for motorvogna vert endra, sagt opp eller fell bort, skal selskapet gje panthavaren/ utleigaren særskild melding om dette med 1 månads varsel.

I de tilfella selskapet heilt eller delvis har avslått å dekkje skade på motorvogna under henvisning til Forsikringsavtalelova § 8-1 eller §§ 4-6 til 4-11, eller under henvisning til forsikringsvilkår fastsett med heimel i desse paragrafane, dekkjer selskapet likevel det tap – eksklusive rentetap, omkostningar og mislighaldne avdrag panthavaren/ utleigaren lid som følgje av forsikringstakaren/ leigetakaren si manglande evne til sjølv å dekkje skaden. Det same gjeld når selskapet har avslått å dekkje skade med henvisning til forsikringsvilkåra sine reglar om kvar forsikringa gjeld.

Det er ein føresetnad for rett til erstatning at panthavar/ utleigar ikkje visste eller burde vite om overtredinga av dei nemnte vilkårsreglar eller har latt vere og gjere det denne kan for å hindre det. Likeeins gjeld som føresetnad for rett til erstatning at reglane i kredittkjøpslova og forskrifter gjeve med heimel i lov er haldne av panthavar når panteretten er stifta som salgspant som går under denne lova.

Føresetnad for rett til erstatning og begrensningar i erstatninga

Den som set fram krav mot selskapet, må dokumentere at forsikringstakar/ leigetakar, eventuelt kausjonist ikkje har evne til å erstatte skaden eller det oppståtte tap. Omkostningar i samband med dette vert ikkje erstatta.

Den utvida forsikring gjeld ikkje i dei tilfelle der skade på motorvogna er vorten erstatta av andre utan at selskapet har hatt kjennskap til det. Dersom andre har stilt anna garanti/tryggleik for forsikringstakar si forplikting, er selskapet si forplikting subsidiær i forhold til garanti/tryggleik. Regelen i føregåande ledd gjeld tilsvarande.

Selskapet si forplikting er i alle tilfelle avgrensa til skadebeløpet i samsvar til pkt. 5.2.2 og med frådrag av eigendelen i samsvar til forsikringsavtalen.

Får selskapet i samsvar til denne utvida forsikring nokon utbetaling som ikkje påkville selskapet etter motorvognforsikringsvilkåra, pliktar forsikringstakar/ leigetakar å erstatte beløpet.

Denne tilleggsavtale kan av selskapet seiast opp når som helst med ein månads varsel.

3.17 Rettshjelp

3.17.1 Forsikringa dekkjer utgifter til advokat, retten, sakkyndige og vitner når sikra er part i tvist

- i eigenskap av personlig eigar, rettmessig brukar eller førar av den forsikra motorvogna. Tvisten må ha skjedd medan forsikringa var i kraft.

Utgifter til rettsbehandling: Selskapet dekkjer utgifter til sakkyndige som er oppnemnt av retten

- sakkyndige som ikkje er oppnemnt av retten, såframt utgiftene på førehand er godkjende av selskapet.

- vitner, berre ved hovudforhandlingar og bevisopptak. Følgjande vert ikkje dekt:

- idømte sakskostnader

- rettsgebyr i ankeinstans

Reglane om anke gjeld også ved bruk av andre rettsmidlar. Tilkjende sakskostnader går til frådrag. Likevel vert dekt slike sakskostnader når sikra kan godtgjere at motparten ikkje er søkjegod.

Kva domstolar tvisten må høyre inn under

Tvisten må høyre inn under dei alminnelege domstolane.

Tvist som er skjedd før forsikringa trådte i kraft. Rettshjelpsutgiftene vert ikkje erstatta dersom sikra når forsikringa trådte i kraft var kjend med det som seinare vart tvistegrunnlaget og forsto eller måtte forstå at tvisten kunne oppstå. Tvist oppstått når kjøretøyet er selt/kjøp av nytt kjøretøy. Sjølv om forsikringa ikkje var i kraft då tvisten oppstod, vert likevel følgjande tvilstilfelle dekt:

1. Dersom den forsikra motorvogn er selt og forsikringa i selskapet opphøyrd i samband med salet, vert dekt rettshjelpsutgifter ved tvist der sikra er part i eigenskap av tidligare eigar.

2. Ved tvist med seljar i samband med kjøp av ny motorvogn som sikra ennå ikkje har teikna eiga forsikring på, vert dekt utgifter til rettshjelp dersom noverande motorvogn var forsikra i selskapet på kjøpstidspunktet.

3.17.2 Forsikringssum og eigendel: Den samla erstatning ved kvar tvist er avgrensa til kr 100.000,- sjølv om det er fleire partar på same side. Dette gjeld også om partane har rettshjelpsforsikring i forskjellige selskap, eller om den/dei forsikra har rettshjelpsdekning under fleire forsikringar i eit eller fleire selskap. Uforsikra partar skal haldast utanfor ved erstatningsutrekninga. Erstatninga er under alle omstende avgrensa til den økonomiske verdi av sikra si interesse i saka, dersom utgiftene ikkje er godkjend av selskapet på førehand. Eigendelen er kr 4.000,- med tillegg av 20 % av det overskytande beløp. Det vert trekt berre ein eigendel for kvar tvist sjølv om det er fleire partar på same side.

3.17.3 Forsikringa dekkjer ikkje utgifter til

-tvist som har samanheng med sikra sitt yrke eller erverv med mindre tvisten gjeld skade på føraren av motorvogna.

-tvist som har samanheng med separasjon, skilsmisse, barnefordeling, samversrett, farskap, arv, krav om omstøytning av gåve, underhaldsbidrag, budeling, oppløysing av det økonomiske fellesskap etablert av sambuande og oppløysing av husstandsfellesskap, samt skiftesaker.

-tvist som åleine høyrer inn under namsmann.

-tvist som gjelder veksel sak, inkassosak der fordringa er ubestridt, gjeldsforhandlingssak og sak som gjeld konkurs eller akkordforhandlingar dersom sikra er konkurs- eller akkordskyldnar.

-Straffesak, ærekrenkelsessak eller sak om erstatningsplikt etter skadeerstatningslova § 3-3 (visse personlege krenkingar), § 3-5 (oppreisning) og § 3-6 (krenking av privatlivet sin fred).

- tvist som gjeld offentleg forvaltningsvedtak. Likevel vert dekt utgifter ved søksmål når det administrative klagehøvet er fullt utnytta. I tilknytning til søksmål er ei kvar utgift pådrege under forvaltningshandsaming, unnateke frå dekning.

- tvist i saker om personskade, før det frå motpart eller motpart sitt forsikringsselskap, ligg føre skriftleg avslag om å dekke sikra sine nødvendige og rimelege utgifter til juridisk bistand. Likevel vert dekt utgifter i saka etter saksanlegg, der saksomkostningsspørsmålet vert avgjort av retten i samsvar med Tvistemålslova sine reglar. Dette gjeld og ved voldgift.

3.17.4 Handsaming av rettshjelpssaker

3.17.4.1 Vil sikra søkje om å få dekt utgifter til juridisk bistand under rettshjelpsforsikringa, skal førespurnad/krav snarast meldast til selskapet og seinast eit år etter at advokat er kontakta. Underretninga skal skje skriftleg. Dersom advokat vert nytta under den offentlege forvaltningshandsaminga, reknast fristen for melding til selskapet frå det tidspunkt der den offentlege forvaltningshandsaminga er fullt utnytta.

3.17.4.2. Sikra veljer sjølv advokat som etter saken sin art og sikra sin bustad passar for oppdraget.

3.17.4.3. Sikra pliktar å avgrense utgiftene til rettshjelp mest muleg og ber sjølv kostnader forårsaka utan rimeleg grunn. Er det fleire partar på same side med likearta interesser, kan selskapet krevje at desse nyttar same juridiske og tekniske bistand.

3.17.4.4. Selskapet kan krevje å verte halden underretta om omfanget av dei utgiftene som vil verte kravd dekkja under forsikringa. Sikra skal informere selskapet om kva utgifter som er komne til under eventuell handsaming i særdomstol eller under eventuell forvaltningshandsaming av klage på offentlig forvaltningsvedtak. Ved krav om oppgjør har selskapet den same rett til å få dokumentert korleis advokaten har rekna sitt salær. Før endeleg oppgjør vert gjort skal selskapet ha dokumentasjon på at eigendel er betalt. Spørsmål om utgiftene er rimelige kan leggast fram for Den Norske Advokatforening.

4. Sikringskrav

Kven sikringskrava gjeld for:

Sikringskrava gjeld for sikra og andre personar som med sikra sitt samtykke er ansvarleg for motorvogna.

Førar-/passasjerulykke: Skada må snarast søkje lege og følgje legen sine forskrifter og behandlingssopplegg. Skada må la seg undersøkje av lege utpekt av selskapet, dersom selskapet forlanger det.

Førarkort, øvingskøyning, utrustning/vedlikehald: Førarkort: Føraren av motorvogna skal ha gyldig førarkort for vedkomande kjøretøykategori i samsvar til Samferdselsdepartementet sine førarkortforskrifter av 23. februar 1979 med seinare endringar, og den sikra eller den som med sikra sitt samtykke er ansvarleg for motorvogna skal forvise seg om at så er tilfelle. **Øvingskøyning:** Under øvingskøyning skal elev og ledsager oppfylle reglane i vegtrafikkloven § 26, og den sikra eller den som med sikra sitt samtykke er ansvarleg for motorvogna skal sjå til at reglane er oppfylt. **Utrusting, overbelastning og vedlikehald:** Motorvogna skal vere utrusta slik at den er i trafikk sikker stand. Den skal ikkje overbelastast, og det skal takast vedlikehald av motorvogna slik at krava i Samferdselsdepartementet sine kjøretøyforskrifter av 31. desember 1969 med seinare endringar er oppfylt.

Tjuverisikring – motorvogn: Når parkert motorvogn vert forlatt, skal den vere lukka og låst, og nøkkel skal ikkje oppbevarast i eller på motorvogna. Deler av motorvogna som midlertidig er avmontert, skal vere innelåst i bygning eller i rom i bygning, slik at det er egna til å forhindre innbrot, jf. straffelova § 268. Ekstra dekk og felgar skal vere innelåst eller fastlåst til bygning. Fastmontert utstyr skal vere montert slik at det ikkje kan fjernast utan bruk av verktøy eller nøkkel. Radio-/musikkanlegg skal være fastmontert eller

montert i tjuverikasset. Skiboks, sykkel eller skistativ skal vere fastmontert og låst. Verdigenstandar som fotoutstyr, radio, mobiltelefon, smykker o.l. skal alltid oppbevarast i låst separat bagasjerom, eller i låst skiboks eller i lukka hanskerom.

5. Spesielle reglar for motorvogn og tilhengar til motorvogn

5.1 Kva avgrensingar som gjeld

Om avgrensingar i erstatningsoppgjer, sjå også punkt 2.

5.1.1 Beruselse: Selskapet dekkjer ikkje skade som forsikra/sikra eller den som med forsikra/sikra sitt samtykke er ansvarleg for motorvogna har valda medan han eller hun køyrde motorvogna under sjølvforskyldt påverknad av alkohol eller anna rusande/døyyvande middel, jf. Vegtrafikkloven § 22, 1. ledd. Det same gjeld for hendingar som er valda av ein annan medan denne køyrde motorvogna i slik tilstand - dersom forsikra/ sikra eller den som med forsikra/ sikra sitt samtykke er ansvarleg for motorvogna, medvirka til at motorvogna vart brukt sjølv om han eller hun visste eller måtte forstå at føraren var påverka.

5.1.2 Hastighetsløp og fartsprøver: Selskapet dekkjer ikkje skade som oppstår når motorvogna vert brukt under deltaking i eller trening til hastighetsløp og fartsprøver.

5.1.3 Frost: Selskapet dekkjer ikkje skade som skuldast frost.

5.1.4 Krig, opprør og naturkatastrofar: Selskapet dekkjer ikkje tap eller skade, og auke i tap eller skade, som direkte eller indirekte er forårsaka av eller står i samband med jordskjelv, vulkanske utbrot, atomkjernereaksjon, terrorhandlingar, krig og krigsliknande handlingar, anten krig er erklært eller ikkje, opprør eller liknande alvorlege forstyrringar av den offentlege orden.

5.2 Regler for erstatningsoppgjer

5.2.1 Skademelding: Ved skade skal sikra snarast melde frå til Selskapet. Følgjande skadar skal i tillegg meldast til politiet: Personskadar, skader på dyr, brannskadar, tjuveriskadar og skadeverk.

5.2.2 Korleis erstatning vert utrekna: Forsikringsavtalelovens § 6-1 er fraveken. I staden gjeld følgjande:

• **Reparasjon – delskader – oppattbygging:** Kan motorvogna reparerast til vesentleg same stand som før, vert kostnadane ved reparasjon erstatta. Dersom reparasjon av dei einskilde delane etter selskapet si vurdering vil vere teknisk eller økonomisk ulønnsame, vert desse utskifta med likeverdige delar. Selskapet kan avgjere ved kva verkstad reparasjonen skal gjerast. Verditap som følgje av reparasjon vert ikkje erstatta. Inneber reparasjonen ei forbetring, vert det gjort frådrag tilsvarande verdien av forbetringa. Kontanterstatning vert utbetalt på grunnlag av takst. Arbeidskostnadene ved kontantoppgjer vert erstatta med 50 % av normalpris på verkstad. Selskapet betaler investering/ meirverdiavgift etter framlagde kvitteringar.

Følgjande vert ikkje erstatta:

Meirutgifter til mellombels reparasjon, overtidsbetaling og flyfrakt.

Meirkostnader som følgje av at selskapet sine tilvisingar av reparasjonsstad eller leverandør ikkje vert fulgt.

Verditap eller tap av garantiavtale:

Selskapet er ikkje ansvarleg for mangelfull reparasjon og eventuelle reklamasjonskrav må rettast til verkstaden.

• **Tap/totalskade:** Er det etter Selskapet si vurdering ikkje økonomisk forsvarleg å reparere motorvogna, eller denne har gått tapt, vert markedsverdien erstatta, dvs. det det ville koste og attskaffe ei motorvogn i same stand og av tilsvarande fabrikk, type og årgang. Den skada motorvogna er då selskapet sin eigedom. For radio/ musikkannlegg vert erstatta anlegget eller tilsvarande anlegg sin nyverdi. Etter eit år frå utstyret vart kjøpt som nytt, vert erstatninga redusert med 10 % av nyverdien for kvart påbegynte år, maksimalt 50 %.

• **Skade på ny motorvogn - 60 %:** For motorvogn som har kjørt under 15.000 km, er under eit år gamal, ikkje er leaset og ikkje har hatt tidligare skader som overstig 10 % av nyanskaffelsesverdi, rekna frå nyregistreringsdato, gjeld følgjande reglar: Dersom motorvogna har gått tapt eller utgiftene til reparasjon overstig 60 % av listepriis for tilsvarande motorvogn med tilsvarande utstyr frå importør på skadedagen, erstattar selskapet:
- anten ny motorvogn av same eller tilsvarande merke, modell og årgang som den skada, med det utstyr som var montert i motorvogna eller kontant den sum selskapet må betale for tilsvarande motorvogn. Den skada motorvogna er selskapet sin eigedom.

5.2.3 Eigendel

Frå erstatningsoppgjøret vert trekt den eigendel som er nemnt i forsikringsbeviset. Dersom eigendel ikkje går frem av beviset, vert det trekt følgjande eigendeler:

Redning kr 500,-. For motorvogn med totalvekt over 7500 kg er eigendelen kr 2.000,-.

Glasskade kr 2.000,- ved skifting av ruta. For motorvogn med totalvekt over 7500 kg er eigendelen kr 3.000,-. Ved reparasjon av ruta vert det ikkje trekt eigendel.

Ansvar kr. 0,-

Brann og tjuveriskader kr 5.000,-

Kasko kr 5.000,-

Godsansvar kr 6.000,-

Ansvar for hengjande gods i kran kr 10.000,-

Ansvar for bruk av kran kr 10.000,-

Påkøyrse av dyr: Det vert ikkje trekt eigendel eller bonustap når skaden skuldast påkøyrse av dyr. For ville dyr når forholdet omgåande har blitt rapportert til politi eller viltneemd på staden.

Ved installert FG-godkjent tjuverialarm, fell eigendel bort ved innbrot/ tjuveri.

5.2.4 Utbetaling av erstatning.

Meirverdi-/investeringsavgift og andre avgifter vert berre erstatta når slik avgift er betalt. Sikra har krav på renter av erstatninga, jf. forsikringsavtalelova § 8-4.

5.2.5 Endring av risiko - underforsikring

• **Overskriding av avtalt kjørelengde:** Når det er avtalt ei avgrensa årleg kjørelengde pliktar forsikringstakar straks å underrette selskapet dersom den avtalte kjørelengda vert overskriden.

• **Endring av grunnlaget for rabatt for sikringstiltak:** Når det er gitt rabatt for sikringstiltak pliktar forsikringstakar straks å underrette selskapet dersom forholda som gjev grunnlaget for rabatten vert endra.

• **Påbygg og utstyr:** Forsikringa omfattar den motorvogn med det utstyr som er nemnt i forsikringsbeviset. Ved endringar/ ombygningar av motorvogn eller utstyr pliktar forsikringstakaren straks å underrette selskapet.

• **For lav forsikringssum:** Når forsikringssum er nemnt i forsikringsbeviset vert premien fastsett på grunnlag av denne summen. Dersom markedsverdien overstig forsikringssummen pliktar forsikringstakaren å underrette selskapet.

• **Konsekvensar ved underforsikring:** Viser det seg ved skade at forsikringstakar ikkje har underretta selskapet om forhold som nemnt i dette punkt, vert erstatninga redusert med eit beløp som svarar til forholdet mellom for lite premie og den premie som skulle vore betalt. Ved utbetaling over ansvarsdekninga har selskapet rett til å krevje at forsikringstakaren betalar ein forholdsmessig del av erstatninga.

5.2.6 Ting som kjem til rette

Kjem ein gjenstand til rette etter at selskapet har betalt erstatning, er gjenstanden selskapet sin eigedom.

5.2.7 Tilbakebetaling av erstatning

Har selskapet utbetalt erstatning som selskapet etter forsikringsavtalen ikkje svarer for, pliktar forsikringstakaren å betale beløpet tilbake.

5.2.8 Bonus

Tilleggspremie ved skade: Premiereduksjon og premietillegg (Bonus/malus)

Det vil gå fram av forsikringsbeviset kva bonus/malus som er gjeldande. Den følgjer eigaren av motorvogna, og kan førast over til ny polise ved bilbyte. Den kan og verte gjeven bort til ektefelle/sambuar eller barn, men ikkje med høgare prosent enn mottakar kunne ha opparbeida sjølv. Ved leasing er det leigetakar som innehar bonusretten.

Som bonusreducerande skader vert brukt alle skadetilfelle som kan føre til utbetaling av erstatning under ein eller fleire av de bonusberettiga forsikringane.

Brann-, tjuveri-, glasruiter- og bruk av veghjelp/redning fører ikkje til bonustap.

Påkøyrse av dyr: Det vert ikkje trekt bonustap når skaden skuldast påkøyrse av dyr. For ville dyr når forholdet omgåande har blitt rapportert til politi eller viltneimnd på staden.

Det vert ikkje trekt bonustap når skaden skuldast skader som er godkjent naturskade etter lov om naturskader.

Ein bonusreducerande skade vil føre til bonusreduksjon/premieauke frå første forfall etter skaden.

Bonussystem/bonusnedrykk

For kvart år med skadefri køyring vil årleg premie for motorvogna verte redusert med 10 % inntil 70 %. Etter 1 skadefritt år med 70 % bonus vert premien redusert med ytterligere 5 %.

For kvar bonusberøvande skade vert årleg premie for motorvogna auka med 10 % for neste avtaleperiode inntil 70 % bonus, deretter 5 %. Viss bonus på skadetidspunktet er 75 % > 5 år vil ikkje skaden føre til tap av bonus, men antall opptjeningsår med 75 % vert redusert slik at ein eventuell ny bonus vert 75 % 1. år

Bonus	0	10	20	30	40	50	60	70	75.1	75.2	75.3	75.4	75.5	75>5
Nedrykk	10	10	10	10	10	10	10	10	5	5	5	5	5	0

6. Generelle reglar om forsikringsavtalen

6.1 Fornyng av forsikringa - oppseiingsfristar

Forsikringsavtalen er bindande i avtalt forsikringstid, normalt eit år. Likevel kan forsikringstakaren seie opp avtalen dersom forsikringsbehovet fell bort eller det ligg føre andre særlege grunnar. Forsikringstakaren kan elles seie opp forsikringsavtalen med ein månad varsel til selskapet. Forsikringa vert fornya for eit år om gongen dersom forsikringstakaren ikkje nyttar sin rett til oppseiing, og dersom selskapet ikkje har varsla forsikringstakaren minst to månader før utløpet av forsikringstida om at selskapet ikkje ønskjer å forlenge forsikringa.

6.2 Premieutrekning når forsikringa opphøyrer i forsikringstida

Dersom forsikringa opphøyrer i forsikringstida, reknast tilgodepremie for attståande del av forsikringstida. Utrekninga vert gjort etter korttidstabell for dei ulike forsikringane. Nærmare reglar kan gjevast ved å ta kontakt med selskapet. Tilgodepremie over kr 100 vert returnert. Tilgodepremie på kr 100 eller mindre vert ikkje refundert. Dersom skuldig premie er kr 100 eller mindre, vert forsikringa sett på som fullt betalt, og det vil ikkje verte sendt premiekrav for beløpet.

6.3 Premie til gode på løpande forsikringar

Premie til gode på over kr 100,- på grunn av endringar i forsikringsforholdet - vert returnert kunden. Premie til gode på kr 100,- eller mindre vert trekt frå ved neste hovud-/terminforfall, evt. tidligare dersom det vert gjort ytterligere endringar som medfører skuldig premie.

6.4 Opphøyr av forsikringa ved manglande premiebetaling

Dersom dei opplyste betalingsfristar ikkje vert haldne, vil forsikringsavtalen i sin heilheit opphøyre. Dette inneber at selskapet ikkje dekker skader som oppstår etter varslet opphørsdato. Selskapet vil då rekne seg premie for den tida forsikringa har vore i kraft. Utrekninga vert gjort etter korttidstabell for dei ulike forsikringane. Nærmare reglar får ein ved å henvende seg til selskapet.

6.5 Opphøyr av forsikringa ved konkurs

Dersom forsikringstakar i forsikringstida vert erklært konkurs, vil forsikringsavtalen opphøyre. Forsikringsavtalen sluttar å gjelde 14 dagar etter konkurs er opna dersom ikkje forsikringa vert stadfesta vidareført av bustyrar.

6.6 Lovval

Norsk lovgiving gjeld for forsikringsavtalen i den utstrekning dette ikkje er i strid med lov av 27. november 1992 nr. 111 om lovval i forsikring, eller anna er avtalt.

6.7 Vernetng

Tvistar etter forsikringsavtalen skal avgjerast ved norsk domstol, med mindre det er i strid med ufråvikelege reglar i gjeldande lovgiving, eller anna er avtalt.

- 6.8 Valuta**
Premier og erstatningar reknast i norske kroner - NOK - dersom ikkje anna er avtalt.
- 6.9 Følgjene av å gje feil opplysningar**
Dersom dei opplysningar om risikoen som forsikringstakaren eller nokon annan på denne sine vegne har gjeve, er uriktige eller ufullstendige på noko vesentleg punkt, kan selskapet seie opp forsikringa med 14 dagers varsel. Har forsikringstakaren forsømt sin opplysningsplikt, kan erstatning reduserast eller falle bort.
- 6.10 Følgjene av svik**
Den som gjør seg skuldig i svik mot selskapet, kan miste ein kvar rett etter forsikringsavtalen. Har denne fleire forsikringsavtaler med selskapet, vert også retten til erstatning etter disse mista ved same hending. Selskapet kan med øyeblikkeleg verknad seie opp ein kvar forsikringsavtale med forsikringstakaren.
- 6.11 Grov aktløyse og forsett**
Dersom forsikra/ sikra eller den som med forsikra/ sikra sitt samtykke er ansvarleg for motorvogna ved grov aktløyse eller forsettleg har medvirka til skaden, kan erstatninga verte sett ned eller falle bort.
- 6.12 Sikringskrav**
Kva forsikringstakar må syte for: For einskilde forsikringar gjeld sikringskrav. Ved brot på sikringskrava kan retten til erstatning felle bort eller verte redusert.
- 6.13 Identifikasjon**
Punkt 3.10, 3.11, 3.13, 3.14, 3.15, 3.16, 4., 5. og 6. kan i tillegg gjelde andre personar enn forsikringstakaren. Dette går da fram av vilkåret for den einskilde forsikringa, eller det einskilde sikringskravet.
- 6.14 Skjønn**
Ved forsikring av ting eller interesse gjeld følgjande reglar om skjønn ved skade. Fastsetting av erstatningsgrunnlag og verdiar, og spørsmål i samband med utrekning av avbrotstap, skal avgjerast ved skjønn dersom sikra eller selskapet krev det. Skjønn skal givast av sakkjynde og uhilda personar. Kvar av partane vel sin skjønnsmann. Dersom ein av partane ønskjer det, kan det velgast særskilt skjønnsmann for bestemte ting - ved avbrotstap for bestemte spørsmål. Har den eine av partane skriftleg underretta den andre om sitt val, pliktar den andre innan ei veke etter at det er motteke underretning å meddele om kven som er valgt. Før skjønn vel skjønnsmennene ein oppmann. Dersom en av partane forlangar det, skal denne vere busett utanfor partane sine heimstadar og utanfor den kommune der forsikringstilfellet har skjedd. Forsømer ein av partane å velje skjønnsmann, oppnemnes denne av by- eller herredsretten i den rettskrets der skjønn skal gjerast. Vert skjønnsmennene ikkje einige om oppmann, oppnemnest denne på same måte.
- Skjønnsmennene skal innhente dei opplysningar og foreta dei undersøkingar som dei ser på som nødvendige. Dei pliktar å avgje sitt skjønn på grunnlag av forsikringsavtalen. Skjønnsmennene foretar verdsettinga - svarer på spørsmåla ved avbrotstap - utan at oppmannen vert tilkalla. Vert dei ikkje einige, skal oppmannen tilkallast, som etter dei same reglane gjev sitt skjønn over dei punkta som skjønnsmennene er ueinige om. Vert oppmannen tilkalla, reknast erstatninga på grunnlag av denne sitt skjønn.
- Erstatninga skal likevel ikkje ligge utanfor dei grenser som skjønnsmennene sine utrekningar medfører. Partane betaler kvar sin skjønnsmann. Honorar til oppmannen og andre moglege kostnader ved skjønn skal partane bere med ein halvpart kvar.
- Ved skjønn overfor privatkundar som gjeld tingskade knytt til privat forsikring, der det er selskapet som krev skjønn, betalar selskapet alle skjønnskostnader. Skjønn sine verdsettingar er bindande for begge partar.
- 6.15 Ved skade**
Ved skade skal sikra snarast melde frå til selskapet. Rett til erstatning kan falle bort dersom kravet ikkje er meldt til selskapet innan eit år etter at sikra fekk kunnskap om grunnlaget for erstatningskravet.
- 6.16 Ervervsmessig utleige**
Utan særskilt avtale svarer selskapet ikkje for skade som oppstår under ervervsmessig utleige av motorvogn.

Bistand i klagesaker

Dersom det ved handsaminga av ei sak vert meint at det er gjort feil frå selskapet si side, og dette ikkje avklarast gjennom den ordinære saksbehandling, kan ein vende seg til:

Finansklagenemnda, Postboks 53 Skøyen, 0212 Oslo – <http://www.finansklagenemnda.no>

Telefon 23 13 19 60 Telefax 23 13 19 70

Dette kontor er oppretta ved avtale mellom Forbrukerrådet, Næringslivets Hovedorganisasjon, Finansnærings Fellesorganisasjon, Finansieringsselskapenes Forening og Verdipapirfondenes Forening. Finansklagenemnda er eit felles sekretariat for klagenemdene for forsikring, bank, finans og verdipapirfond. Det kostar ikkje noko og søkje råd hos Finansklagenemnda.

Servicetelefon

For informasjon om skadebehandling og kritiske skadesituasjonar (24 timer): Møretrygd på telefon 70 10 12 50.